



Lindås VVS AS
Postboks 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/847 - 15/18828

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
16.10.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunal kloakkleidning på Eikeland, gbnr 42/137.

Administrativt vedtak. Saknr: 378/2015

Saksutgreiing:

Meland kommune godkjende i DNT.sak 012/12 oppføring av bustad, tilkopling til kommunalt vassverk og utslepp til minirensanlegg på gbnr 42/137, Eikeland.

I 2013-2014 bygde kommunen VA-anlegg til Eikeland. I januar 2014 vart det søkt om tilkopling til kommunal kloakkleidning for gnr 42/137. Etter muntleg avtale med Meland kommune i januar 2014 vart eigedomen kopla til eit mellombels kommunalt anlegg i påvente av at VA-anlegget vart ferdigstilt.

Vurdering:

VA-anlegget til Eikeland er no ferdigstilt og gbnr 42/127 er tilknytta det kommunale anlegget.

Administrasjonen har ingen merknader til søknaden og tilkoplinga kan no formelt godkjennast.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at gbnr 42/137 vert tilknytta kommunalt kloakkanlegg i samsvar med søknad dagsett 06.01.2014 på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" -

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommuneforlaget.

Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2014 varr tilknytingsgebyret for kloakk kr 10 000,- pluss mva.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lars Askeland	Rosslandsvegen	5918	FREKHAUG
	293		

Mottakere:

Lindås VVS AS	Postboks 42	5951	LINDÅS
---------------	-------------	------	--------